

NU-kontakt

Meldingblad for Noregs Ungdomslag, nr 3/2007



Denne sendinga inneheld

- NU-kontakt
- Kven veit? brosjyrer
- Barnlekbrosjyre
- Invitasjon til instruktørseminar folkedans
- Brosjyre om Folkekulturfestivalen i Lillesand
- Danselystbrosjyre

1,3 millionar til laga i NU

Noregs Ungdomslag har fordelt 1 307 000 Frifondkroner til lokal aktivitet for barn og ungdom under 26 år. Vi fekk i alt 222 søknader frå 120 lag! Tilskotet er fordelt til mange slags aktivitetar, mellom anna teatergrupper, leikarringar og ungdomsklubbar. Alle lag som søkte midlar og som har sendt inn årsmelding, medlemslister og betalt kontingent, har fått tilskot.

Årsmøteprotokollen

Årsmøteprotokollen er lagt ut på heimesida vår. Ring oss om du ynskjer å få den tilsendt. Det var få store saker til årsmøtet. Difor inviterte styret til to debattar, ein om ungdomsringane si rolle i NU og ein om kva NU skal engasjere seg i. Rekneskap og årsmelding gjekk gjennom. Årsmøtet vedtok også at Noregs Ungdomslag skal arrangere Folkekulturfestival også i 2009. Det vart vedteke tre fråsegner: Ei om felles og kjønnsnøytral ekteskapslov, ei om at styrking av lokaløkonomi må kome frivillig kulturliv til gode og ei fråsegn om støtte til rusfrie festivalar.

Frivilligheitsmeldinga

Då Frivilligheitsmeldinga blei lagt fram 10 august la kulturminister Trond Giske vekt på at dei frivillige organisasjonane er heilt sentrale aktørar i norsk kulturliv. Også barne- og ungdomsorganisasjonane får brei omtale i meldinga. Opplæringa i dei frivillige organisasjonane får også god omtale, og det blir her vist til "Læring for livet" (NOU2007:11). Lokallaga kan bruke denne meldinga i kommunikasjon med kommunar og fylke. Meldinga har eit eige kapittel som tek for seg kva rolle dei frivillige kultuorganisasjonane har og kva ansvar kommunane har for å legge til rette for dette arbeidet. Det blir også foreslått økonomiske tiltak som skal gjere det enklare for laga å lønne instruktørar utan å måtte betale arbeidsgjevaravgift. Frifond skal styrkast. I tillegg er det framlegg om ein eigen grasrotandel, det vil seie at folk som brukar pengar på spel sjølve kan få vere med å bestemme kva speleoverskotet skal gå til. Noregs Ungdomslag vil saman med andre organisasjonar følgje opp meldinga. Les meir om dette i neste Ungdom.

Tilskot til folkemusikk, utstyr til øvingsrom og musikkverkstader

Lag som driv med folkemusikkaktivitet for barn og unge eller lag som treng utstyr til bandøvingsrom, tilrettelegging av øvingslokale, musikkutstyr og mykje meir, kan søke om tilskot frå Musikkverkstadordninga. I fjor fekk fleire NU-lag tilskot. Oversikt over kva tiltak som fekk tilskot i fjor og søknadsskjema finn de på www.mvo.no.

Årsmeldinga for 2006 finn du på www.ungdomslag.no/sider/dokument/arsmelding2006.pdf
Ta kontakt med kontoret om du vil ha trykt versjon.

Søk støtte frå Folkekulturforbundet

Tilskot til opplæring gjennom Folkekulturforbundet er i 2007 kr. 70 pr.time med lærar og kr. 15 pr. time utan lærar. Det er viktig at du melder inn alle opplæringstiltak laget har. Ta kontakt med Folkekulturforbundet på telefon 61 21 77 50 om du lurar på kva laget kan få tilskot til, treng hjelp til å fylla skjema og andre nyttige råd og tips til laget. Sjå også heimesida www.folkekultur.no

Læring for livet

Lokal kulturoplæring har fått ein sentral plass i utgreiinga "Læring for livet" (NOU2007:11) om studieforbunda si rolle i framtida. Dette er ei tillitserklæring til dei frivillige organisasjonane sitt studiearbeid. Utgreiinga slår også fast at kulturutøving i seg sjølv har ein positiv verdi. Folkekulturforbundet som er Noregs Ungdomslag sitt studieforbund, vil følgje opp meldinga for å sikre at opplæringa som lokallag, fylkeslag og sentralorganisasjonane driv, skal bli enda betre framover. Les meir på www.folkekultur.no

Vellukka feiring av ungdomshusa på kulturminnedagen

Søndag 9. september vart Den norske kulturminnedagen feira landet over. Fleire ungdomslag deltok aktivt i feiringa med å fortelje om historie og aktivitetar i ungdomshusa før og no.

Vi takkar alle laga som deltok på feiringa for innsatsen!

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

informasjon@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no

Aspirantkurs

Aspirantkurs i folkedans er eit helgekurs som oftast blir arrangert av eit fylkeslag. Dette kurset er første steg for å bli folkedansinstruktør gjennom Noregs Ungdomslag, men også eit instruktørkurs med mykje fokus på metodikk og dansetrening. Ein kan gå så mange aspirantkurs ein ønskjer – utan å gå vidare til fadderperiode og Sommarkurs.

Noregs Ungdomslag ynskjer at aspirantkursar blir spreidd i tid og geografi. Slik kan vi dekkje mange regionar, samstundes som aspirantane har fleire helger å velje mellom.

Om deltakaren vil gå vidare, skal ho eller han velje utdanningsmodell i etterkant av aspirantkurset; Leik og læring (barne- og ungdomsinstruktør) eller Folkedansinstruktør. Eit av aspirantkursar på våren er likevel eit spesialkurs for Leik og læring, og vi anbefaler sjølvsagt deltakarar som har bestemt seg for modell før aspirantkurs, samt ønskjer å ta utdanninga over eit år, å velje dette kurset.

Hugs at det er DU som tillitsvald i lokallaget/fylkeslaget som kan informere om NU sine utdanningsmodellar innan folkedans og teater!

Har ditt lag lyst til å arrangere aspirantkurs?
Send ein epost til synnove@ungdomslag.no eller ring 24 14 11 15

Aktivitetskalender

- 03.10 - 07.10 Bunadrådet i NU på tematur til Praha
- 05.10 - 07.10 Ungdomsringen Salten og Teater Ungdomsring (TUR) Bø i Vesterålen
- 12.10 - 14.10 Storkurs i Sogn og Fjordane Ungdomslag, Førde Arr.: SOFUL
- 12.10 - 14.10 Ungdomsringsamling, Førde Arr.: SOFUL
- 19.10 - 22.10 Repr.møte i Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff), Trondheim
- 26.10 - 28.10 Storkurset "Dains og spæll". Arr.: NUF/Bodø Folkedanslag
- 09.11 - 11.11 Hilmars Ungdoms Ring Samling Steinkjer. Arr.: Hilmarfestivalen
- 09.11 - 11.11 Nordisk kulturweekend (NFU)
- 16.11 - 18.11 Instruktørsamling i NU, Bergen
- 25.01 - 27.01 Storkurs i Stavanger. Arr.: Telemark, Rogaland, Aust- og Vest - Agder
- 18.04 - 20.04 Ungdomshelg i dans, musikk og teater. Arr.: Nordland Ungdomsfylking
- 25.04 - 27.04 Fagseminara i NU, Bergen
- 02.07 - 06.07 Barnlek 2008 (Nordisk stemne for barn), Porsgrunn
- 08.07 - 12.07 Havleik 2008 i Torshavn, Færøyane
- 20.07 - 24.07 Noregs Ungdomsring 2008, Lillesand
- 24.07 - 26.07 Folkekulturfestivalen 2008, Lillesand
- 30.06 - 05.07 Nordlek 2009 Lahti, Finland

Utruleg mange lag har sendt inn sine arrangement til NU-kalenderen!
Sjå heimesida vår, www.ungdomslag.no/kvaskjer.php.

Send inn informasjon om ditt arrangement til informasjon@ungdomslag.no

Verktøykassa

Den første Verktøykassa var ferdig til bruk i 1997, og mang ein kurslærer innan organisasjonsarbeid har hatt glede av permen. Den nye Verktøykassa frå 2007 er ganske annleis både i innhald og utforming, men med same siktemål: Å gjere det enkelt å vere kurslærer i organisasjonsarbeid. Verktøykassa kan tingast som ferdig kursperm frå Noregs Ungdomslag til kr 200,-. Les meir om verktøykassa på www.ungdomslag.no

Rff (Rådet for folkemusikk og folkedans) har to ulike stønadsordningar

1a Tiltaksmidlar (til feltarbeid, opplæring, lydfesting, publisering m.m)

1b Arbeidsstipend (til lokale undervisningsprosjekt, feltarbeid, læring på gamlemåten og andre prosjekt)

2 Formidlingsstøtte (til turnear, konsertar, forestillingar, programutvikling, innstudering, m.m)

Søknader må sendast på eigne skjema som du finn på nettsidene eller kan få tilsendt ved å ta kontakt med [Lill Hege Pedersen](mailto:Lill.Hege.Pedersen@rff.no) på Rff-sentret. Søknadene blir handsama tre gonger i året, og søknadsfristane for begge ordningane er 15. januar, 15. mai og 15. september.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

informasjon@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no